

## KYRKJELEG FELLESNEMND FOR OS SOKNERÅD OG FUSA SOKNERÅD

### HOVUDUTSKRIFT

År 2018, den 21. februar, hadde partssamansatt utval (PSU) og kyrkjeleg fellesnemnd (FN) møte på Tunet i Os.

PSU tok til kl.18.15 og var slutt kl.19.58.

FN tok til kl.19.58. og var slutt kl. 19.59.

Innkallinga var sendt representantane og vararepresentantane den 12. februar 2018.

Desse møtte frå partssamansatt utval:

Forutan dei som møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd møtte tilsettere representantane Monica Refsdahl frå Os og Iman de Zwarte frå Fusa.

Desse møtte frå kyrkjeleg fellesnemnd:

Arne Tveit, Roald Samnøy, Marie Bruarøy (komm.repr.), Magne Djuvik (komm.repr) og prost Kristin Litlere.

Anne Turid Bjørnevik møtte frå sak 2018/002.

Forfall: Hans S Vindenes

Følgjande vararepresentantar møtte:

Ingen.

Dessutan møtte: kyrkjeverje Gerhard Hansen og kyrkjeverje Harald Geir Sæther.


#### SAKSLISTE:

Saksnr. PSU	Saksnr FN	Tekst:	
2018/001	2018/001	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 11. DESEMBER 2017.	019
2018/002	2018/002	HEIMESIDE «NYE BJØRNAFJORDEN KYRJELEGE FELLSRÅD» - PRESENTASJON	046
2018/003	2018/003	INTRANETTLØYSING – FOR KVEN?	046
2018/004	2018/004	OPPSUMMERING AV MØTE MELLOM KYRKJELEG FELLESNEMND SITT AU OG KOMMUNAL FN	003
2018/005	2018/005	FRIVILLIGSENTRALANE SI FRAMTID	016
2018/006	2018/006	BUDSJETT 2018-2019 – STATUS	112
2018/007	2018/007	GJENNOMGANG AV FASE 2 I KYRKJELEG FELLESNEMND SIN FRAMDRIFTSPLAN - STATUS	020
2018/008	2018/008	MÅL OG PLANAR FOR FELLESRÅD OG SOKNERÅD	022
2018/009	2018/009	ALTERNATIVE ORGANISASJONSMODELLER – FØRSTE DRØFTING	011.2
2018/010	2018/010	ARBEIDSGRUPPER I PROSSEN – STATUS	020
2018/011	2018/011	ENDELEG FASTSETJING AV MØTEPUNKT I JUNI 2018 SAMT SOSIALT TREFFPUNKT	279

Arne Tveit opna med å lese frå 2.Kor. 6, 6-7.

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

**Rett utskrift,**  
Fusa kyrjekontor, 5649 EIKELANDSOSEN  
den 22. februar 2018

  
Harald Geir Sæther  
prosjektleder/kyrkjeverje

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE  
11. DESEMBER 2017

Saksnr.: 2018/001  
PSU-sak 2018-001

Ark.nr. 019

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Det var ikkje merknader til møteprotokollen.**

---

**PSU si tilråding:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Det var ikkje merknader til protokollen.**

---

**Trykte saksdokument:**

Ingen

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Møteprotokollen for møte 11. desember 2017**

---

**SAKSUTGREIING:**

Møteprotokollen vart sendt ut til alle på e-post 11. desember 2017.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: HEIMESIDE «NYE BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE  
FELLESRÅD « - PRESENTASJON

Saksnr.: 2018/002  
PSU-sak 2018-002

Ark.nr. 046

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

1. Kyrkjeleg fellesnemnd er veldig godt nøgd med nettsida til «nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd».
2. Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar Os sokn og Fusa sokn på sine heimesider å lage lenker til Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesnemnd si nettside.
3. Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar Bjørnafjorden kommunale fellesnemnd på si nettside å lage ei lenke til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd.

---

**Framlegg til vedtak:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**Framlegg frå Arne Tveit:**

1. Kyrkjeleg fellesnemnd er veldig godt nøgd med nettsida til «nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd».
  2. Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar Os sokn og Fusa sokn på sine heimesider å lage lenker til Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesnemnd si nettside.
  3. Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar Bjørnefjorden kommunale fellesnemnd på si nettside å lage ei lenke til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd.
- 

**PSU si tilråding:**

**Arne Tveit sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU sitt framlegg samrøystes vedteke.**

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

I januar månad har ein på administrativt plan arbeidd for å få opp ei nettside der alle kan følgje med på kva som skjer under prosessen med førebuing til å etablere Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd. Vi hadde ei samling i Os der tre frå Fusa og to frå Os var med. Monica gav oss informasjon og byrjande opplæring. Etter kvart skal fleire kunne leggje inn stoff til heimesida. Det er også eit mål at Fusa sokn skal få si eiga heimeside på same måte som Os sokn har i dag.

Det stoffet som no er lagt ut har Monica gjort på vegne av fellesnemnda. I fellesnemnda sitt møte vil ein vise litt av det som så langt er gjort klart.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: INTRANETTLØYSING – FOR KVEN?

Saksnr.: 2018/003  
PSU-sak 2018-003

Ark.nr. 046

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Fellesnemnda ber prosjektleiar løpande vurdere behov for å ta i bruk intranett som arbeidsverktøy.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.**

---

**Framlegg frå Arne Tveit:**

**Fellesnemnda ber prosjektleiar løpande vurdere behov for å ta i bruk intranett som arbeidsverktøy.**

**PSU si tilråding:**

**Arne Tveit sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Vi har i løpet av februar fått på plass heimeside der alle i vår nye kommune og andre kan følgje utviklinga for framtidige Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Så er neste steg – om vi

skal ha ei intranettløyising der vi kan ha eigne forum. Kva røymsler har vi med dette? Viss vi skal ha ei eller fleire slike forum, kven skal ha tilgang? Ein ser at mykje av det vi set i gong vil vere tidkrevjande, og ein må nøye vurdere kva som er føremålstenleg – samstundes er det viktig at vi har opne kanalar som sikrar god informasjonsflyt. Saka vert lagt fram for drøfting i PSU og FN. Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.

## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: OPPSUMMERING AV MØTE MELLOM KYRKJELEG FELLES-  
NEMND OG KOMMUNAL FN

Saksnr.: 2018/004  
PSU-sak 2018-004

Ark.nr. 003

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**PSU si tilråding:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Saka vart teken til etterretning.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

### **SAKSUTGREIING:**

Kyrkjeleg fellesnemnd sitt AU og kommunen si fellesnemnd hadde eit møte i Os måndag 22. januar 2018. Leiar i kyrkjeleg fellesnemnd, Hans S Vindenes, orienterte den kommunale fellesnemnda om ein del av våre oppgåver og utfordringar, med fokus på m.a.:

- Mål
- Framdriftsplan fram til 2020
- Budsjett og økonomi
- Frivilligsentralen
- Moglege samarbeidsområde frå 2020

Orientering og oppsummering i møtet.



## MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: FRIVILLIGSENTRALANE SI FRAMTID

Saksnr.: 2018/005  
PSU-sak 2018-005

Ark.nr. 016

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd oppmodar Bjørnafjorden kommunale fellesnemnd om å gjere snarleg vedtak om at både Os frivilligsentral og Fusa frivilligsentral skal halde fram drifta med dagens eigarar også etter 2019 som sjølvstendige sentralar.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd oppmodar Bjørnafjorden kommunale fellesnemnd om å gjere snarleg vedtak om at både Os frivilligsentral og Fusa frivilligsentral skal halde fram drifta med dagens eigarar også etter 2019 som sjølvstendige sentralar.**

---

**PSU si tilråding:**

**PSU tilrår samrøystes framlegget.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Både Os kommune og Fusa kommune har kvar sin frivilligsentral. I Os er kommunen eigar og i Fusa er Fusa sokneråd eigar. Frivilligsentralane er ein viktig og positiv ressurs i lokalmiljøa.

Det har vore lite samarbeid mellom våre frivilligsentralar. Det skuldast m.a. at sentralane er inndelt i ulike nettverk, og Os og Fusa har vore i kvar sine nettverksgrupper. Vi ønskjer ei endring her. Fusa Frivilligsentral kjem til å ta dette opp på Hordalandssamlinga (for frivilligsentralar) til våren, men vil også ha ein nærare dialog med Os frivilligsentral om dette. Ein kan også nemne at fredag 16. februar skal det vere eit møte mellom Os frivilligsentral og Fusa frivilligsentral i Os. Også prosjektleiar for kyrkjeleg fellesnemnd vert med på det møtet.

Frivilligsentralane får kvar sitt statlege tilskot. I 2018 utgjør tilskotet kr.403.000,- pr sentral, eit beløp som vert overført til kommunane. Kommunane gir vidare budsjettamme til sentralane.

Den statlege ordninga er at tilskot vert gitt pr sentral. I mange kommunar er det fleire frivilligsentralar, noko som gjer at dei får kvar sine tilskot. Ser ein føre seg å slå sentralar saman, mister ein tilskot. Men det betyr ikkje at ein ikkje kan ha eit samarbeid mellom sentralane. Samarbeid vil vere viktig, ikkje minst for å kunne utveksle erfaringar og kompetanse. I Bjørnafjorden kommune vil ein som i mange kommunar få fleire frivilligsentralar, dvs hos oss to sentralar.

Samstundes er det viktig at kommunal fellesnemnd gjer vedtak om at det framleis skal vere to frivilligsentralar også frå 2020. Det vil kunne gje tryggleik for både tilsette og mange engasjerte medarbeidarar som har tilknytning til frivilligsentralane sitt arbeid.

Organisasjonen «Norges frivilligsentralar» er ein paraplyorganisasjon for alle frivilligsentralar. Prosjektleiar har hatt dialog med Org. sekretær Gijs Mans i denne organisasjonen, og Mans stadfester at det vert gitt tilskot pr sentral.

Prosjektleiar rår til at kyrkjeleg fellesnemnd sender saka over til kommunal fellesnemnda med oppmoding om å gjere eit snarleg vedtak om at begge frivilligsentralane skal halde fram i drift også frå 2020 av.

**MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

**Møtedato:** 21.02.2018

---

**Sak:** BUDSJETT 2018-2019Saksnr.: 2018/006  
PSU-sak 2018-006

Ark.nr. 112

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar kommunal fellesnemnd å vurdere budsjetttramma for kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid på nytt i løpet av våren 2018 – og då med bakgrunn i dei faktiske oppgåvene som kyrkjeleg fellesnemnd må arbeide med fram mot samanslåinga gjeldande frå 1. desember 2019.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Kyrkjeleg fellesnemnd oppmodar kommunal fellesnemnd å vurdere budsjetttramma for kyrkjeleg fellesnemnd sitt arbeid på nytt i løpet av våren 2018 – og då med bakgrunn i dei faktiske oppgåvene som kyrkjeleg fellesnemnd må arbeide med fram mot samanslåinga gjeldande frå 1. desember 2019.**

---

**PSU si tilråding:****PSU tilrår samrøystes framlegget.****VEDTAK I FELLESNEMNDA:****PSU si tilråding samrøystes vedteke.****Trykte saksdokument:****Ingen****Ikkje trykte saksdokument:****Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Kyrkjeleg fellesnemnd har tatt opp med kommunal fellesnemnd budsjettløyving for perioden 2017-2019. Det er så langt løyvd kr.600.000,-, og det er langt frå tilstrekkeleg om ein skal få kompensert for dei faktiske utgiftene kyrkjeleg fellesnemnd har.

I januar månad har prosjektleiar brukt om lag 40% stilling til arbeidet. I tillegg er det lagt ned godt med arbeid både frå kyrkjeverja i Os og frå sekretær Monica Refsdahl i Os. Som prosjektleiar ser ein at det vil bli vanskeleg å leggje seg på eit lågare nivå enn 40% arbeidstid om ein skal kunne følgje opp alle oppgåvene som ligg framføre på ein god måte. 40% er truleg også i knappaste laget. Ein kan ikkje sjå vekk frå at mange av prosessane som kommunen skal gjennom må også kyrkja gjennom, om enn i vesentleg mindre format! I motsetnad til kommunen, har ein vesentleg lågare kompetanse til å utføre oppgåvene som skal gjerast. Difor er tid til dialog og informasjon svært vesentleg! Av oppgåver som både kommunal fellesnemnd og kyrkjeleg fellesnemnd skal gjennom kan nemnast kartleggingsarbeid, informasjon, temagrupper, systematisk planlegging og samordning, gjennomgang av instruksar, reglement, vedtekter, avgiftsordningar, arbeidsavtalar m.v., og mange tilpassingar som må gjerast når det gjeld den enkelte sine løns- og arbeidsavtalar. Ein ser føre seg at om lag 50-60 instruksar, vedtekter og reglement må gjennomgåast i tillegg til nye arbeidsavtalar og tilpassingar mellom tilsette som følgje av verksemdsoverdraginga.

Desse oppgåvene går klart ut over primæroppgåvene ein kyrkjeverje skal gjere, og ein må ha tilleggsressursar for å få utført kyrkjeverja sine gjeremål.

I samtale mellom rådmann Christian F Fotland og kyrkjeverje Harald Geir Sæther den 5. februar tok ein opp budsjettsituasjonen. Ein vonar kommunal fellesnemnd vurderer budsjetttrauma for kyrkjeleg fellesnemnd på nytt med bakgrunn i dei faktiske oppgåvene som ligg til kyrkjeleg fellesnemnd å arbeide med fram mot samanslåinga 1. desember 2019.

**gMØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

**Møtedato:** 21.02.2018

---

**Sak:** GJENNOMGANG AV FASE 2 I KYRJKELEG FELLESNEMND  
SIN FRAMDRIFTSPLAN**Saksnr.:** 2018/007  
**PSU-sak** 2018-007**Ark.nr.** 020**Sakshandsamar:** HGS**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:****Kyrkjeleg fellesnemnd viser til kvart einskilt punkt i saksutgreiinga, og ber om at det vert arbeidd vidare med kvart einskilt punkt slik det kjem fram i utgreiinga.**

---

**Framlegg til vedtak:****Kyrkjeleg fellesnemnd viser til kvart einskild punkt i saksutgreiinga, og ber om at det vert arbeidd vidare med kvart enkelt punkt slik det kjem fram i utgreiinga.**

---

**PSU si tilråding:****PSU tilrår samrøystes framlegget.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:****PSU sitt framlegg samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:****Ingen****Ikkje trykte saksdokument:****Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Frå januar 2018 er vi i gong med Fase 2 i samanslåingsprosessen – og det er ein fase kor mykje skal skje av kartleggingsarbeid – men også første tankar om korleis vi ser føre oss ei framtid i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Dei tilsette sin representantar har vi hatt med oss før, men i denne fasen vi no går inn i er det viktig å involvere alle tilsette. Forutan soknerådet

sine tilsette må ein også involvere prestar, dagleg leiar ved Fusa frivilligsentral, og i Fusa også entreprenør som vert nytta ved gravferdsverksemd- og sommarvedlikehald. Er der andre som skal involverast er det viktig å få dei med frå no av. Tysdag 20. februar skal det vere allmannamøte i Os, og då vil alle bli inviterte med på dette møtet.

I framdriftsplanen har ein kulepunkt for kvart område ein skal inn i og arbeide med, men her har ein laga dei i nummerert rekkefølge. Det gjer det enklare å kommentere kvart punkt.

## Januar –Juni 2018

### Fase 2 – Kartlegge eksisterande verksemd

1. Noverande organisering, bemanning og kompetanse
  - o Lage skisse/idear for mulig organisering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd
2. Møtestad for alle tilsette
3. Avklare informasjonsstrategi/intranett. Kommunisere mål og prosessplan
4. Opprette arbeidsgrupper
5. Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune
6. Økonomi
7. Mål og planar for fellesråd og sokneråd
8. Igangsett intranett for stabane – om det vert løysinga
9. Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane
10. Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast
11. Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt
12. Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd
13. Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?
14. Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynslene med dei (inngåtte avtalar) (rekneskap, gravferd m.v.)

#### 1. Noverande organisering m.v.

Ein vil prøve å få ein samla oversikt over kompetanse til kvar enkelt, og laga ein totaloversikt. Dette vert tema på allmannamøte i Os tysdag 20. februar. Skisse og idear for mogleg organisering byrjar ein på i kyrkjeleg fellesnemnd sitt møte 21. februar, sak 2018-009.

#### 2. Møtestad for alle tilsette

Allmannamøte vert gjennomført i Os den 20. februar. Her vil ein også ta opp kva aktuelle tema/grupper vi skal arbeide vidare med dei neste månadane. Torsdag 14. juni skal vi ha «Bli-kjend» dag, truleg i Fusa. Så vil ein etter kvart sjå kva fora ein legg opp til vidare i tida som kjem.

#### 3. Avklare informasjonsstrategi/intranett m.v.

Vår heimeside «**NYE BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD**» skal vere oppe å gå før fellesnemnda sitt møte 21. februar.

#### 4. Opprette arbeidsgrupper (temagrupper)

Dette skal drøftast på allmannamøte 20. februar. Referat derifrå vert gitt i fellesnemnda sitt møte. Oppnemning av arbeidsgrupper er delegert til prosjektleiar i

instruksen (under kapittelet Hovudoppgåver, pkt.5). Ein reknar med å få innspel på allmannamøte, men oppnemning av temagrupper vil skje i nær dialog med tilsette sine representantar, kyrkjeverja i Os og elles innspel frå fellesnemnd og evt andre.

#### **5. Plan for sosial og fagleg fellesoppgåver fram mot ny kommune.**

Det skal første halvår 2018 vedtakast ein plan for sosiale og faglege fellesoppgåver. Her ser ein føre seg å leggje vekt på at ein i perioden fram til samanslåinga skal ha ein del felles sosiale treffpunkt. På budsjettet er det ikkje sett av midlar til kulturbygging, men sokneråda må bruke sine egne ressursar til dette. Dette er viktig! Det kan også vere aktuelt å ha sosiale treffpunkt mellom løna og frivillige medarbeidar. Frå AU er det tilrådd at ein undersøker med både NAV og KA for å sjå om der kan vere midlar å søkje om tilskot for arbeidsmiljøfremjande tiltak i ein omstillingsprosess. Faglege fellesoppgåver kan gjelde både samlingar for alle, men også samlingar i grupper. Det er i perioden også viktig med fagleg påfyll for kvar einskild. Prosjektlearar må ta tak i dette og saman med kyrkjeverje og nokre tilsette lage eit utkast til ein «Medarbeidarplan for Nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd». Ein inviterer PSU og FN å kome med evt innspel på dette punktet i møtet.

#### **6. Økonomi**

Viser til fellesnemnda si sak 2018-006.

#### **7. Mål og planar for fellesråd og sokneråd**

Viser til fellesnemnda si sak 2018-008.

#### **8. Igongsett intranett for stabane – om det vert løysinga.**

Viser til fellesnemnda si sak 2018-003

#### **9. Kartleggje eksisterande tenesteytingsavtalar med kommunane**

Her har særleg Fusa sokneråd ein stor jobb å gjere. Prosjektlearar/kyrkjeverje i Fusa har teke initiativ til ein samtale med rådmannen i Fusa om dette. Fusa sokneråd har for ei tid tilbake oppnemnd ei arbeidsgruppe som evt skal arbeide med dette. Os sokneråd har nesten ikkje tenesteytingsavtalar med Os kommune.

#### **10. Avtaler/Kontraktar som er vesentlege, pensjonsavtalar kartleggjast**

Dette må kyrkjeverjene ta tak i for å sjå kva avtalar og kontraktar som må gjennomgåast. Arbeidet er ikkje starta opp.

#### **11. Utstyr, bygg, eigedomar vert kartlagt.**

Her bør ein definere kva ein skal gå inn på, dvs kva som må gjerast før 2020 – og kva som kan utsetjast. Arbeidet er ikkje starta opp, men kyrkjeverjene saman med AU får sjå meir på dette. Dei tilsette vil vere ein viktig ressurs i kartlegginga som skal gjerast med omsyn til t.d. behov for utstyr.

#### **12. Kartleggje føringar og plikter for framtidig verksemd**

Dette kan truleg samordnast med pkt.10. Her må kyrkjeverjene setje seg ned å sjå kva ein må gå meir inn i.

#### **13. Informasjon frå sokneråd og stab: kva fungerer bra, kva bør betrast/utviklast?**

Dette vert også eit tema på allmannamøte den 20. april. Vidare bør ein i kvart sokneråd ta dette opp som tema i løpet av vinter/vår 2018. For tilsette kan det vere aktuelt med eit spørjeskjema. Kva med sokneråda? Kanskje dele kvart sokneråd inn i to til tre grupper der ein kan ta opp aktuelle tema med utgangspunkt i kva som fungerer bra og kva som bør betrast/utviklast.

**14. Avklare kva for IKT-system som er i bruk og røynsle med dei (inngåtte avtalar) (rekneskap, gravferd m.v.)**

Her ser ein føre seg å oppnemne temagruppe(-r) for å få det vurdert nærare. Vidare har prosjektleiar for kyrkjeleg fellesnemnd og prosjektleiar for kommunal fellesnemnd hatt dette opp i eige møte for å avklare om kommunen kan vere aktuell leverandør av ein del tenester etter 2019. Det blir arbeid med dette framover.



**MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

**Møtedato:** 21.02.2018

---

**Sak:** MÅL OG PLANAR FOR FELLESRÅD OG SOKNERÅDSaksnr.: 2018/008  
PSU-sak 2018-008

Ark.nr. 022

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:****Os sokneråd og Fusa sokneråd må utarbeide enkle planar for**

1. Fellesrådet sine investeringsbehov og større vedlikehaldsbehov – sett i eit 4-årsperspektiv og eit 10-årsperspektiv.
2. Soknerådet sin status pr i dag og realistiske mål sett i eit perspektiv på 4-10 år.

---

**Framlegg til vedtak:****Os sokneråd og Fusa sokneråd må utarbeide enkle planar for**

1. Fellesrådet sine investeringsbehov og større vedlikehaldsbehov – sett i eit 4-årsperspektiv og eit 10-årsperspektiv
2. Soknerådet sin status pr i dag og realistiske mål sett i eit perspektiv på 4-10 år.

---

**PSU si tilråding:****PSU tilrår samrøystes framlegget.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:****PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:****Ingen****Ikkje trykte saksdokument:****Ingen**

---

## SAKSUTGREIING:

Slik prosjektleiar forstår dette punktet skal kvart sokneråd og fellesråd utarbeide planar for si verksemd framover, og inn i Nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Prosjektleiar trur det er viktig å få dette på plass i løpet av første halvår 2018, og gjort eit samordna vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd. Det er viktig å vere bevisst at investeringar i 2019 vert løyvd frå kvar kommune.. Ein har kanskje nokre lokale planar som ein kan byggje på i dette arbeidet. Prosjektleiar meiner dette bør vere heilt enkle planar.

Vi må ha med oss målet vi presetnerte for kommunal fellesnemnd i vårt arbeid der det vart uttrykt m.a.:

*Vi skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon som er nær folket!*

### Fellesråd

På driftssida på fellesrådsnivå er det kanskje vanskeleg å seie noko enno, før ein har fått avklara ein del område som det kan vere aktuelt med kommunalt samarbeid om. Men fellesrådet skal drifte m.a. bygg og anlegg, gravferdstenester, gravstell, økonomi for fellesråd og sokneråd (?), IT, løn og rekneskap, personalarbeid.

Fellesrådsnivå – investeringar og større vedlikehaldsoppgåver(rehabiliteringsoppgåver):

Her kan ein t.d. ha oversikt over kvart enkelt kyrkjebygg og planar framover – t.d. utvendig maling. Når det gjeld kyrkjegardar, kan ein kanskje avgrense til utvidingsbehov. Det tradisjonelle vedlikehaldet må gå sin gong. For Os sin del er Tunet eit større anlegg. I tillegg bør ein skissere dei andre bygga ein også eig.

Med eit slikt utgangspunkt vil ein kunne få ein grei oversikt over anlegga ein har og behova som vil kome. Prosjektleiar rår til at ein ser det både i eit 4-årsperspektiv og eit 10-årsperspektiv.

### Sokneråda

Her bør ein på ein enkelt måte trekkje fram dei grunnleggjande oppgåvene ein skal gjere som kyrkje lokalt, og ta utgangspunkt i noverande situasjon for å sjå korleis ein ser føre seg dei komande 4-10 åra. Her kan nemnast:

- Gudstenester
- Dåp
- Konfirmasjon
- Vigslar
- Kyrkjelege gravferder
- Trusopplæring
- Diakoni
- Anna kyrkjelydsbyggjande arbeid som t.d. bøneteneste, bibeltimar og anna undervisning m.v.
- Medarbeidarskap
- Informasjon; t.d. heimeside, Facebook og kyrkjeblad

Ein ser føre seg ein enkel plan frå kvart sokneråd på 1-3 sider.

# MØTEBOK

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: ALTERNATIVE ORGANISASJONSMODELLER – FØRSTE  
DRØFTING

Saksnr.: 2018/009  
PSU-sak 2018-009

Ark.nr. 011.2

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Saka vert tatt til orientering.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.**

---

**PSU si tilråding:**

**Saka vert tatt til orientering.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Saka vert tatt til orientering.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Her ser ein føre seg å presentere nokre alternative modellar på overordna plan – i fellesnemnda – for høgtenking saman.

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: ARBEIDSGRUPPER I PROSESSEN - STATUS

Saksnr.: 2018/010  
PSU-sak 2018-010

Ark.nr. 020

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Saka vart teken til orientering.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Det ligg ikkje føre framlegg til vedtak.**

---

**PSU si tilråding:**

**Saka vart teken til orientering.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**Saka vart teken til orientering.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

På allmannamøtet den 20. februar vil ein løfte dette fram i møtet for å få innspel frå arbeidstakarane – om kva temagrupper vi bør ha i prosessen. Kyrkjeverjene vil med bakgrunn i møte ta ei oppsummering og sjå om ein har eit grunnlag for å starte arbeidet med grupper. Det vil i denne fasen vere ønskjeleg å få innspel frå PSU og FN før prosjektleiar opprettar gruppene i tråd med delegasjonsreglement – men i nært samarbeid med tilsettere representantar, kyrkjeverja i Os og prost (evt. anna geistleg representant).

## **MØTEBOK**

Kyrkjeleg fellesnemnd for Os og Fusa

---

Møtedato: 21.02.2018

---

Sak: ENDELEG FASTSETJING AV MØTEPUNKT I JUNI 2018 SAMT  
SOSIALT TREFFPUNKT

Saksnr.: 2018/011  
PSU-sak 2018-011

Ark.nr. 279

Sakshandsamar: HGS

**Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde følgjande vedtak:**

**Saka vert delegert til prosjektleiar.**

---

**Framlegg til vedtak:**

**Kyrkjeleg fellesnemnd fastset sitt møte til torsdag 14. juni kl.09.30 i Fusa. Ein held fram med ein sosial dag frå kl.11.00 der fellesnemnda og alle kyrkjelege tilsette samlast for å bli betre kjend med kvarandre og i delar av Fusadelen i Nye Bjørnafjorden kommune**

---

**PSU si tilråding:**

**Saka vert delegert til prosjektleiar.**

---

**VEDTAK I FELLESNEMNDA:**

**PSU si tilråding samrøystes vedteke.**

---

**Trykte saksdokument:**

**Ingen**

**Ikkje trykte saksdokument:**

**Ingen**

---

**SAKSUTGREIING:**

Neste møte i kyrkjeleg fellesnemnd er fastset til måndag 23. april i Fusa. Men junimøtet skulle vi kome noko tilbake til. Ein fastsette i utgangspunktet 14. juni, men sjølv oppsettet av dagsorden vart ikkje bestemt då ein skulle kombinere møte i kyrkjeleg fellesnemnd og ein sosial dag for alle tilsette i «Nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd». Kyrkjeleg fellesnemnd får ta stilling til om ein held fast på den 14. juni, og elles drøfte korleis ein ønskjer dagen.